



Planident	:	03160
Datert	:	10.08.2005
Sist revidert	:	07.10.2005
Vedteke i kommunestyret	:	17.10.2005
Revidert etter klagehandsaming	:	22.03.2006
Nytt vedtak i Kommunestyret	:	24.04.2006

F R A E N A K O M M U N E

R E G U L E R I N G S F Ø R E S E G N E R F O R

R E G U L E R I N G S P L A N

V E S T A D V I K A I N D U S T R I O M R Å D E, H A R Ø Y S U N D E T

§ 01 Det regulerte området er i planen vist ved reguleringsgrenser på kartet. Arealbruken innafor planen er delt i følgjande område, i samsvar med Plan og bygningslova § 25:

1. **Bygeområde:**

Industri

2. **Offentleg trafikkområde**

Køyreveg Lagt til tekst

Vegareal generelt

Trafikkområde i sjø

3. **Spesialområde:**

Parkbelte i industriområde

Frisiktzone

§ 02 Etter at reguleringsføresegna har tredt i kraft er det ikke tillate ved private avtalar å etablere forhold som strid mot desse føreseggnene.

§ 03 INDUSTRI

Utbygging i området må skje etter utbyggingsplan jfr. Plan- og bygningslovens § 28-2 ledd. Utbygging og andre inngrep i sjø og på land skal skje innanfor regulerte føremålgrenser.

Utbyggingsplana skal vise:

Endret på tekst

- Tomteinndeling
- Tomteutnytting
- Plassering av industribygg/verksemder/lager
- Industribygga si høgde og takform
- Eventuell utandørs lagringsplass

- Parkeringsareal. Parkering for tilsette og besøkande skal ordnast innanfor tomta.
- Det er krav om minimum 1 P-plass pr. 100 m² golvareal.
- Vegløysing, slik som inn- og utkjøring til industrifeltet
- Det skal avklarast korleis området mot sjøen vert avslutta.
- Avslutting av ein eventuell fyllingsfot og istandsetting av terrenginngrep mot tilgrensande areal skal vere gjennomført samtidig med at området vert teke i bruk.

For industriområdet som grensar opp til regulert parkbelte vil føresegne om kjøp og opparbeiding i § 67a, 2. ledd i Plan- og bygningslova bli gjort gjeldande.

§ 04 OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

I offentleg trafikkområde kan det byggjast køyreveg.

Før denne vegen etablerast skal den eksisterande avkjørsla i reguleringsplan for Harøysund Hamn (vedtatt 16.02.02) utgå frå plana, jfr. rekkefølgebestemmelsene i plan- og bygningsloven § 26. Endret og tatt ut tekst

Føremålet omfattar også vegareal generelt som naturleg hører til vegen, som grøft, skjering, fylling. Slike areal skal opparbeidast og ferdigstilla samtidig med veganleggget.

Trafikkområdet i sjø skal sikre at båttrafikk inn og ut gjennom sundet til Vikomar (den gamle sildoljefabrikken) kan oppretthaldast.

§ 05 SPESIALOMRÅDE

5.1 Parkbelte i industriområde

Eksisterande bustadar i området inngår i parkbeltet på plana. Bustadane i området skal kunne nyttast slik som i dag og knytte seg til den nye vegen ved bruk av gamlevegen som delvis ligg der i dag.

I resten av området skal det etablerast vegetasjonsbelte mellom industrifeltet og riksvegen som vist på planen. Utomhusplan skal utarbeidast og denne skal samordnast med utomhusanlegga på tilgrensande industriområde.

Opparbeiding av vegetasjonsbeltet skal stå ferdig samstundes med utbygging av tilgrensande industriområde. Det tilgrensande industrifeltet står som eigar, og har eit ansvar i å opparbeide og vedlikehalde beltet. Skjøtsel skal skje i samråd med kommunen. Parkbeltet skal ikkje byggjast ned eller nyttast til fyllplass/lagring.

Eventuell industriaktivitet inne i parkbeltet må være tilpassa føremålet med parkbeltet.

5.2 Frisiktsone

Frisiktsonene i vegkryssa må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsonene skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegars nivå. Kommunen kan kreve sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i siktsona.

Gjeldende